



Gjemnes kommune

Dato: 30. jan. 2023

*FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påvirker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre Friluftsråd, fylkets tre turistforeningar, fylkets 4 speidargrupper og 4 H Møre og Romsdal tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonene mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.*

## **FRILUFTSLOVA – KLAGE PÅ BETALING FOR TURPARKERING FURSETFJELLET I GJEMNES KOMMUNE**

FNF Møre og Romsdal bryr seg også om ålmenta sine rettar samt gratisprinsippet i vår unike friluftslov. Vi har i dei seinaste åra observert at det blir meir og meir avgiftsparkering ved startpunkter for turstier og skiløyper i fylket vårt. FNF Møre og Romsdal har til hensikt å følgje opp avgiftene ved turparkeringane i fylket. Dette då vi ønskjer at parkeringa ideelt sett skal vere gratis, subsidiært må det vere ei lavast mogeg lovleg avgift som er heimla i friluftslova og parkeringsforskrifta. Vi sendte ut eit informasjonsbrev til alle fylkets kommunar om dette seinast 22.12.2022.

I brev av 16.12.2021 til Gjemnes kommune stilte vi spørsmål om turparkeringsavgifta som er innført på Fursetfjellet i Gjemnes kommune er lovleg jfr friluftslovens § 13 og § 14. I brev av 20.12.2021 frå Gjemnes kommune fekk vi tilbakemelding på denne vår førespurnad. Den 23.03.2022 klaga vi på vedtaket om innføring av turparkeringsavgift på Fursetfjellet inn til Statsforvalteren. I svarbrev frå Statsforvaltaren av 18.05.2022 skreiv dei mellom anna; «*Kommunens vedtak kan påklagast til Statsforvaltaren jamfør friluftslova § 24 andre ledd, andre punktum. Kommunens uttale etter friluftslova § 20 c er ikkje eit enkeltvedtak. Vi les kommunens svar datert 20.12.2021 som ei uttale etter friluftslova § 20 c og det kan dermed ikkje påklagast.*»

No har vi spurt Sivilombodet om korleis vi skal tolke lovanvendinga i tilfeller der det blir innført avgifter for turparkering. Sivilombodet har den 26.01.2023 svara oss (sjå vedlegg) der dei mellom anna skriv; «*Etter det vi forstår må de fyrst be kommunen behandle ei klage over vedtak om parkeringsavgift og deretter eventuelt klage til Statsforvaltaren over kommunen si avgjerd.*» **På dette grunnlaget klager vi på Gjemnes kommune sitt vedtak om innføring av turparkeringsavgift på Fursetfjellet.**



FORUM FOR  
NATUR OG FRILUFTSLIV  

---

MØRE OG ROMSDAL

Helsing

Ingbjørn Bredeli  
Koordinator Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal

Vedlegg: Brev frå Sivilombodet til FNF Møre og Romsdal av 26.01.2023 om Friluftsløva og turparkeringsavgift

Kopi: Statsforvaltaren